



Lars Ottar Sagstad
Bjørndalsvegen 181
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/2937 - 19/9562

Saksbehandlar:
Marius Flemmen Knudsen
marius.knudsen@meland.kommune.no

Dato:
29.04.2019

Godkjenning av søknad om utsatt frist for ferdigstilling av landbruksvegen Styggo - Gbnr 34/2 Bjørndalen

Administrativt vedtak. Saknr: 104/2019

Saksutgreiing:

Lars Ottar Sagstad søker i e-post dagsett 28.03.2019 om utsatt frist for ferdigstilling av landbruksvegen Styggo. Søklar fekk i administrativt vedtak saknr. 70/2016 datert 15.03.2016 løyve til å byggja ein landbruksveg i klasse 7. Vegen er planlagd i om lag 90 meter, og skal i hovudsak tene landbruksformål . Vegen har ein mindre del anna formål, gangveg til tilgrensande fritidseigedom (Gbnr. 34/7). Vegen har eit dekningsområde på 43 daa, og ein kalkulert byggjekostnad på 150.000 kr. Det var i løyve til bygging satt frist til 01.04.2019 for ferdigstilling.

Søklar opplyser at det er planlagd å byggje vegen saman med tilgrensande fritidseigedom. Grunna dødsfall og kommande arveoppgjer, har ikkje all planlegging og kostnadsfordeling blitt avgjort.

Søklar ber om 2 års utsetting av frist for gjennomføring.

Vurdering:

Ein landbruksveg er veg for landbruksformål eller kor landbruksformål utgjer hovudformålet med vegen jf. § 1- 3 i forskrift om planlegging og godkjenning av vegar til landbruksformål (landbruksvegforskrifta). Forskrifta sett rammene for utbygging og planlegging av landbruksvegar, og sett krav til gjennomføring. Eit av disse krava er frist for gjennomføring. Etter forskrifta sin § 3-2 skal det fastsettast frist for oppstart og ferdigstilling, og løyve fell bort dersom fristane ikkje vert heldt. Men føresegne legg til at kommunane kan i særlege tilfelle forlenge tidsfristane.

Arbeidet med vegen er så smått kome i gang, og vegen vil vere eit godt og viktig landbrukstiltak på eigedomen. Søkjar skal starte opp att med sagbruk på eigedomen, og vegen vil vere viktig her. Det er positivt om tømmer frå eigen skog kan verte nytta på eit lokalt sagbruk, enten til eige bruk eller for sal til andre. Det er i gjeldande kommuneplan vedteke sett av areal til spreidd næring i samband med dette sagbruket.

Det er opning i regelverket for utviding av tidsfristande ved særlege grunnar, kva som skal vektleggast i dette er ikkje ytterlegare utdjupa i forskrifta. Administrasjonen meiner at dødsfall med påfølgande arveoppgjer fell inn under særlege grunnar. Dette vil vere faktorar som ikkje kan styrast i ein planleggingsfase og utbygging av ein veg, og som vil kunne påverke framdrifta. Administrasjonen har forståing for at prosessen difor tek lengre tid enn planlagd og at det er trong for meir tid. Vidare meiner administrasjonen at det viktig å sikra at vegen vert bygd ferdig slik at den kan kome til nytta for bruket og gje ein god ressursutnytting.

Administrasjonen vil difor forlenga fristen for ferdigstilling av vegen som omsøkt. Det vert ingen endring av andre vilkår knytt til planlegging, gjennomføring og ferdigstilling av vegen.

Vedtak

«Meland kommune gjev løyve til forlenging av tidsfrist for ferdigstilling av traktorvegen Styggo på Gbnr. 34/2 i Bjørndal, godkjent i administrativt vedtak saknr. 70/2016. Ny tidsfrist for ferdigstilling av vegen vert satt til 01.04.2021. Det er ingen endring i villkåra som gjeld for gjennomføring og bygging av vegen, kommunen syner i denne samanheng til vedtaket som vart fatta i administrativt vedtak saknr. 70.2016.

Bakgrunn for vedtaket går fram av saksutgreiinga og vurdering. Vedtaket har heimel i §§ 3-2,3-3 og 3-4 i landbruksvegforskrifta.»

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldane delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtaket er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marius Flemmen Knudsen
skog- og miljøkonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Lars Ottar Sagstad

Bjørndalsvegen 5918
181

FREKHAUG